

Allereie no er det stor pågang etter billetter til Vassendgutane sin konsert på Dønhaug Gjestegard 18. april fortel Magne Huglen til uskedalen.no. Opplegget er som i fjor – han legg ut førehandssal rundt ein måned før.

Difor startar førehandssalet måndag 17. mars på Texaco og SPAR i Uskedalen og i tillegg på Statoil i Dimmelsvik og Husnes.

Huglen har gjort unnatak for firma og organisasjonar som tingar mange billetter for å ha eit felles opplegg for sine tilsette. Desse får førehandstinga fram til førehandssalet startar. Ellers kan det bli problem med å få tak i billetter til alle dei tilsette.

- I fjor gjekk så godt som alle billetter ut fyrste salsdag så dei som har bestemt seg for å gå ut denne kvelden bør ikkje venta for lenge, sier Huglen.

Vassendgutane gjev ut ein ny CD i byrjinga av april og vil nok få mykje omtale i samband med det.

Svært mange har også tinga billetter til dobbelkonserten 28. juni med Jonas Fjeld og Henning Kvitnes. Viss konserten blir på låven, blir det sjølvsagt eit begrensa antall billetter som kan seljast på førehand. Men Huglen vonar på godt ver og utekonsert.

Dønhaug-programmet framover ligg under ARRANGEMENT. her på sida.

Av Ola Matti Mathisen